



Notat

Dato: 08.11.2016
Arkivsak: 2016/10523-6
Saksbehandlar: gunradd

Til: Hanne Kathrin Vie

Frå: Gunhild Raddum

Fråsegn til kommuneplanens arealdel - Kvinnherad kommune

Innspel frå samferdselsavdelinga:

Kvinnherad kommune er ein kommune med stor utstrekning i areal. Her er fleire tettstader, men og mykje spreidd busetnad og jordbruksareal. Slike tilhøve kan gjere det utfordrande å arbeide i tråd med nasjonale retningslinjer for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging, og målsettinga om at trafikkveksten skal tas med kollektiv, sykkel og gange. For å lukkast med å oppnå måla er det viktig å planlegge eit utbyggingsmønster som gjer det mogleg å nytte andre transportmøglegheiter enn privatbil. I «*Regional plan for attraktive sentra*» har fylkeskommunen som overordna mål at regionsentera skal vere tilrettelagt for effektiv og miljøvennleg transport i, til og frå sentrum. I Kvinnherad kommune har Husnes status som regionsenter. Vidare er det i «*Regional Transportplan*» eit mål å endre transportmiddelfordelinga og redusere bilbruk. Skal ein lukkast med dei nasjonale og regionale målsettingane er det viktig at kommunane følgjer opp i sin arealpolitikk og unngår spreiling av bustadområder.

Grunnlaget for kollektivtransport er at bustader og arbeidsplasser er lagt langs eksisterande kollektivaksar og kring kollektivknutepunkt. Utbyggingsområder som vert lagt 1 km unna nærmeste haldeplass vil ikkje gi god kollektivdekning, då det er lite aktuelt for fylkeskommunen/Skyss å ta avstikkarar frå hovudtraséen. Vi viser her til «*Kollektivstartegi for Hordaland*» og dei retningslinjene som her er skissert opp. Trafiksikker og effektiv tilkomst til haldeplassen for dei som går eller syklar er og viktige tiltak for bygge opp om dei miljøvennlege transportalternativa. Vi vil difor anbefale Kvinnherad kommune å utarbeide ein arealplan der nye bustadområder, industri- og næringsareal vert konsentrert til områder som allereie er under utvikling, og har nærleik til kollektivtilbod, samt trygge ferdselsårer til viktige målpunkt.

Som veigar finn fylkeskommunen det positivt at «*Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest*» er teke med i føresegna og skal leggast til leggast til grunn ved handsaming av søknader om avkjørsle og byggegrenser. Risikoene for trafikkulykker aukar sterkt med aukande tal på avkjørsler. Med omsyn til trafikktryggleik er det difor eit mål å kunne avgrense og om mogeleg redusere talet på avkjørsler frå hovudvegnettet.

